



Kjell Yri ønsker Resi Aak Eide lukke til som ny leiar i Kvinnherad Venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Kjell Yri takka onsdag kveld av etter to år som leiar i Kvinnherad Venstre og Resy Aak Toresen frå Husnes tok over. Men Uskedalen er framleis representert i styret: Bjarne Lilleaas vart vald som nytt styremedlem og Kristian Bringedal frå Uskedalen er framleis kasserar.

Då han takka for seg under årsmøtet, karakteriserte Yri valresultatet for Venstre i kommunen sist haust som eventyrleg. Partiet auka frå 3,8 til 13,8 prosent og medan det i førre perioden hadde to av 45 i kommunestyret har det no fem av 35. Uskedalen var ei av bygdene som Venstre gjorde eit brakval i, med kvar tredje stemme.

- Det var sakene som gjorde utslaget, folk stolte på oss, og nå må lovnadane haldast, sa Yri. Men han minna om at Kvinnherad har 50 millionar i ekstra-inntekt samanlikna med mange andre kommunar – pengane kjem frå eigedomsskatten og kræffondet.

- Likevel skrik vi etter meir midlar, påpeika Yri, som streka under behovet for at det blir tenkt nytt. Varaordførar og nestleiar Synnøve Handeland gjorde det klart at partiet ikkje kjem til å trekkja seg i siste augneblinken når det gjeld å innfri lovnadene om ein endra og rimelegare skulestruktur.

Partiet har dobla medlemstalet frå 20 til 40 det siste året. Og gjennomsnittsalderen har gått ned.

Den nye Venstre-leiaren, som til dagleg driv parfymeri, fekk ei svært positiv attest av Annemor Ekeland under årsmøtet. Resy Aak Toresen var blant dei som takka for seg i Høgre i samband med striden i det partiet før valet.

- Venstre kan i stor grad takka henne for det fantastiske valresultatet, eg kjenner ingen som gjorde ein lignande innsats, sa Ekeland.

Den nye leiaren angrar ikkje på partiskiftet.

- Eg forstår ikkje kvifor eg ikkje gikk over til Venstre for lenge sidan. Det er eit fantastisk godt miljø blant medlemmene og det vert jobba godt. Vi nye har fått ei flott mottaking, seier ho. Ein av dei andre som kommer frå Høgre, Morten Vevatne, seier det same:

- Vi føler at vi er blitt mottekne med stor varme og takkar for den tiltrua dykk har synt oss, uttala han under årsmøtet.

Eldste medlem i Kvinnherad Venstre er Sigvald Eik (92) frå Uskedalen. Han vil få Kulturprisen for 2007 på Solheim laurdag 2. februar og under årsmøtet vart han hylla på førehand med blome-overrekking og klem.

- Det er ei stor ære å ha deg som medlem, sa Kjell Yri.

Av Ola Matti Mathisen



Eldste medlem og kulturprisvinnar Sigvald Eik fekk blomar og klem av Marianne Lund Andersen. (Foto: Ola Matti Mathisen)